

## Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Bestilling av eigarskapskontroll

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønsker at det vert gjennomført eigarskapskontroll av .....
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 19.04.2021.
4. Prosjektplanen skal leggjast fram til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.

### Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva område neste eigarskapskontroll skal gjennomførast innan.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjear

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Vestland fylkeskommune handsama i sak PS 154/20 «Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024» i møte 15.12.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Vestland fylkeskommune vert vedteken slik den ligg føre.*
2. *Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
3. *Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.*
4. *Planen skal evalueraast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.*
5. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av eigarskapskontrollar til fylkestinget.*

Av den vedtekne planen går det fram at desse 2 prosjekta er sett opp i prioritert rekkefølgje:

1. **Eigarskapskontroll av fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter**
2. **Eigarskapsforvaltning (overordna)**

### Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling fra kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-4.

### Vurderingar og verknader

Det er no tid for å bestille eigarskapskontroll. Kontrollutvalet skal for det første velga prosjekt for gjennomføring av eigarskapskontroll. På bakgrunn av at fylkestinget nyleg har vedteke den prioriterte planen vil det vera naturleg av utvalet å velga det første prosjektet i planen; «Fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter». Det er sjølv sagt også mogleg å velga eit av dei andre prosjekta dersom det viser seg at det har skjedd ting som gjer at risikobiletet har endra seg etter at planen vart vedteke.

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærrare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksel på omtale av desse prosjekta, slik det kjem fram i den vedtekne plan for eigarskapskontroll, og analysedokumentet som ligg til grunn for den:

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Fylkeskommunen si forvaltning og oppfølging av arbeidsmarknadsbedrifter	<ul style="list-style-type: none"> <li>• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet           <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eigarmelding</li> <li>• Eigarstrategi</li> <li>• Eigaroppfølging</li> </ul> </li> <li>• Val og opplæring av styrerepresentantar</li> <li>• Rapportering til fylkeskommunen</li> <li>• Samhandling med fylkeskommunen sine tenester for dei same brukarane</li> </ul> <p>Frå analysedokumentet side 63:</p>

	<p>Vestland har eigarskap i følgjande arbeidsmarknadsbedrifter: Origod AS, In Via AS, Sogneprodukt AS, Beredt AS, Gløde AS, Opero Holding AS, Kveik AS og Hardanger Aks AS.</p> <p>Det blir i intervju peika på at arbeidsmarknadsbedriftene generelt er i ein krevjande periode med tanke på tilskot og etterspurnad i marknaden.</p> <p>Dette er selskap som leverer viktige tenester til brukarar med behov for tilrettelagt arbeid. Selskapa har ofte utfordrande driftsvilkår, og skal drive delvis i konkurranse med andre, med krav til internkontroll og HMT. Tilbodet krev også god og tett oppfølging av brukarane.</p> <p>Risikoområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eigarstrategi</li> <li>• Oppfølging av eigar sine føringar</li> <li>• Rapportering om drift</li> </ul>
2	<p>Eigarskapsforvaltning (overordna)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• System og rutinar for oppfølging av eigarskapa           <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eigarmelding</li> <li>• Eigarstrategi</li> <li>• Eigaroppfølging</li> </ul> </li> <li>• Rutinar for val av styrrepresentantar</li> <li>• Opplæring av styrrepresentantar</li> <li>• Rapportering til fylkeskommunen</li> </ul> <p><u>Frå analysedokumentet side 62:</u> Fylkeskommunen skal etter ny kommunelov utarbeide eigarskapsmelding som skal vedtakast av fylkestinget minst ein gong i valperioden (§ 26-1).</p> <p>Vestland fylkeskommune har ei eigarskapsmelding frå 2019. Revisionen har fått opplyst i intervju at fylkeskommunen arbeider med ei oppdatert eigarskapsmelding.</p> <p>Fleire av dei intervjua politikarane og fylkesdirektørar opplyser at det er utfordingar knytt til oppnemning av representantar til både valnemnd og oppnemning av styrrepresentantar til selskap, og at det eksisterande regelverket ikkje blir følgt. Valnemnda blir ofte «proforma» og det er ofte fylkestinget som vel representantar til styrer.</p> <p>Videre kjem det fram i fleire intervju at fylkeskommunen sin kompetanse innan eigarskapsforvaltning ikkje er tilstrekkeleg, og at opplæringa av fylkeskommunen sine styrrepresentantane bør styrkast. Det blir mellom anna kommentert at fylkeskommunen stiller fleire krav til selskapa sine gjennom eigarskapsmeldinga, t.d. miljøkrav, krav om å følgje menneskerettar, etiske retningslinjer og økonomiforvaltning, men at kompetansen til fylkeskommunen sine representantar i styret i dei ulike selskapa er ikkje tilstrekkeleg til å følge opp dette. Det blir peika på at det derfor må arbeidast med korleis styrrepresentantane utøver sitt mandat i styrar i selskap.</p> <p>Det blir i spørjeundersøkinga peika på at fylkeskommunen må ha eit større fokus på kva som er</p>

	<p>føremålet med eigarskapa, at det manglar eigarskapsstrategi for fleire av selskapa og at kunnskapen om eigarskapsforvaltning er for lav.</p> <p>I undersøkinga blir det også peika på at det er risiko knytt til fylkeskommunen sin kompetanse til å følgje opp selskap med næringsverksemd som formål (dei to gamle fylka hadde ulik tilnærming til næringsverksemd).</p> <p>Risikoområde:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar for oppfølging av eigarskap</li><li>• Rutinar for val av styrerepresentantar</li><li>• Opplæring av styrerepresentantar</li><li>• Rapportering til fylkestinget</li></ul>
--	--

Analysedokumentet ligg ved anna sak om bestilling av forvaltningsrevisjon til dette møtet.

### Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. Prosjektplanen vert å levere sekretariatet innan 19.04.2020 og skal godkjennast i neste møte i kontrollutvalet.